

Referat frå møte i Vest-Telemarkrådet 19. mars 2013.

Tilstades: Regionordførar Torstein Tveito, Solveig. S. Abrahamsen, Halvor Homme, Arne Vinje, Hilde Alice Vågslid, Erik Skjervagen, Per Dehli, Sverre Sæther, Hans Bakke, Ketil Kiland, Ole Dalen og Kjell Gunnar Heggenes.

I tillegg var Telemark fylkeskommune representert v/Elisabeth Nilsen.

Møteinnkalling og sakliste vart godkjent utan merknader.

Sak 13/2013 Referat frå rådsmøte 22. januar 2013.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet godkjenner forslaget til referat frå rådsmøtet 22. januar.

Samrøystes.

Sak 14/2013 Miljøforum i Vinje, presentasjon av ein prosjektidé.

Tilstades i denne saken var fylgjande representantar frå Miljøforum i Vinje:

Lensmann og miljøkontakt Trond Neri Flothyl, Morten Elgaaen frå Statens Naturoppsyn samt Dorthe Huitfeldt og Lasse Mathisen frå Vinje kommune.

Trond Neri Flothyl orienterte nærare om saken, og det initiativet som Miljøforum har teke i høve til fyllingar/attgløymt langs vegar og vassdrag. Han stilte spørsmål om dei andre kommunane i regionen kanskje har tilsvarande utfordringar, og om det kan vera aktuelt med eit samarbeid over kommunegrensene.

Lasse Mathisen orienterte om ein planlagt utvida "rusken-aksjon" over 2 dagar i mai i Vinje kommune.

Miljøforum Vinje foreslår eit 3-årig pilotprosjekt med eigen prosjektleiar knytt opp mot renovasjonsselskapa. Finansiering er tenkt med bidrag frå fylket, fylkesmannen og økonomiske bidrag/egeninnsats i dei enkelte kommunane.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringane til vitande. Når det gjeld forslaget om å etablere eit pilot-prosjekt er dette interessant for alle kommunane, og ein ber Miljøforum i Vinje legge fram ei skisse til samarbeid til neste rådsmøte 21. mai.

Sak 15/2013 Sykkelrute Telemarksvegen og andre sykkelmoglegheiter i Telemark.

Til møtet låg det føre opplysning om at Henrik Duus ikkje hadde høve til å delta.

Vedtak: Grunna forfall vert saken utsett til neste rådsmøte.

Sak 16/2013 Prosedyrer for det vidare arbeidet i Vest-Telemarkrådet.

Endringsdokument - innspel frå Rådmannsutvalet.

Saken var utsett frå rådsmøtet 22. januar med ynskje om å ha eit betre og meir lesbart dokument med tydelege markeringar av rådmannsutvalets innspel.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet godkjenner rutinene/prosedyrene i endringsdokumentet med dei endringane som er markert med raud skrift. Samrøystes vedteke.

Sak 17/2013 "Styremøte" som del av rådsmøta.

I samband med drøftingane rundt organiseringa av Vest-Telemarkrådet som § 27-selskap har ein drøfta kva mynde Vest-Telemarkrådet har. Til rådsmøtet låg det føre ei utgreiing frå Per Dehli som hadde sett nærare på bakgrunnen for Ot.prop nr 95 (2005 -2006).

Vedtak: Vest-Telemarkrådet samlast med høvelege mellomrom som "styre" i § 27-samarbeidet for å drøfte drift og organisering og legge føringar for dagleg leiar.

Dagleg leiar får i oppdrag å rapportere status i høve til "drift og organisering" når Rådet er samla som styre.

Vest-Telemarkrådet møtest til fyrste styremøte i samband med rådsmøtet 19. mars for å drøfte nærare omkring møtrefrekvens, rapporteringsform, prosedyrer ved tilsetjingar og mogleg delegerings-reglement for dagleg leiar/arbeidsutvalet.

Sak 18/2013 Evaluering av Strategisk Næringsplan for Vest-Telemark.

På bakgrunn av uklårheit omkring det økonomiske ansvaret i høve til Strategisk Næringsplan, var saken foreslege utsett til rådsmøtet 21. mai.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet utset saken om evaluering av Strategisk Næringsplan til rådsmøtet 21. mai.

Sak 19/2013 Tilbudsstruktur vidaregåande skule.

I møte 22. januar vedtok Vest-Telemarkrådet å utarbeide høyringsuttale i saken. Ei arbeidsgruppe bestående av Torstein Tveito, Jon Svartdal, Knut Inge Skoland og Kjell Gunnar Heggnes har utarbeidd forslag til uttale som etter godkjenning av rådets medlemmer er sendt Telemark fylkeskommune.

I rådsmøtet 19. mars drøfta ein nærare omkring den vidare politiske prosessen. Endeleg handsaming skal etter planen skje i fylkestinget 18. - 19. juni.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek saken til vitande.

Sak 20/2013 Regional areal- og transportplan Telemark.

Telemark fylkeskommune har starta arbeidet med "Regional plan for samordna areal og transport i Telemark", og inviterer til samarbeid med kommunane/kommuneregionane. Fylkeskommunen har også signalisert ynskje om å møte den politiske leiinga i dei 4 regionane for å informere nærare om saken.

Til rådsmøtet 19. februar var imidlertid fylkeskommunen forhindra frå å delta og det låg føre alternative datoar for eit seinare møte.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringa til vitande, og ein ynskjer å møte Telemark fylkeskommune 9. april kl 12.00 for å få ei nærare orientering om planprogrammet.

Sak 21/2013 Orienteringssaker.

Ny folkehelsestrategi.

Telemark fylkeskommune har starta arbeidet med ein ny regional strategi for folkehelse i Telemark. Det er oppretta ei prosjektgruppe med breid representasjon, der Erik Skjervagen er Vest-Telemarkrådet sin representant.

Skjervagen orienterte frå det fyrste møtet i prosjektgruppa og Ole Dalen, som representerte regionen på oppstartmøtet i Skien 7. mars, orienterte nærare frå dette.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringane til vitande.

Telemark fylkeskommune, mogleg oppretting av friluftsråd.

Det låg føre melding frå Telemark fylkeskommune at ein arbeider for oppretting av friluftsråd i fylket. Planen er å arrangere temamøte med regionen/kommunane i løpet av mars/april dette år.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek meldinga til vitande.

Entreprenørskap i skulen. Status i Vest-Telemark.

Vedtak: Saken vert utsett til neste møte.

20-årsjubileum for Vest-Telemarkrådet - markering.

Vest-Telemarkrådet vart formelt stifta 2. september 1993, og ein ynskjer å markere 20-årsjubiléet til hausten.

Vedtak: AU får i oppdrag å legge fram forslag til opplegg for jubiléumsmarkeringa på neste rådsmøte. Det er ynskjeleg å få utarbeidd eit jubileumsskrift som i tillegg til å fortelje historien om regionrådet også ser det regionale samarbeidet i ein større samanheng og som også freistar å ha eit perspektiv framover. Ein tek også sikte på å skipe til eit jubileumsstreff til hausten.

Årshjul for Vest-Telemark.

Det er no utarbeidd årshjul som viser møtedatoane for Arbeidsutvalet, Rådet og Tinget i tillegg til formannskapsmøta og kommunestyremøta i dei 6 kommunane, samt møta i fylkesutvalet og fylkestinget.

Dato for møte i Vest-Telemarktinget i juni vert endra frå 18. til 12. juni.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek årshjulet til vitande

Etablerertenensten, ny organisering.

Haldor Kaasin orienterte kort om prosessen så langt. Telemark fylkeskommune arbeider no med ei endra organisering av etablerertenensten, og Vest-Telemarkrådet har signalisert at ein er oppteken av fortsatt regional lokalisering av denne tenesten.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringa til vitande.

LUK 2013. Søknad til KRD.

Telemark fylkeskommune har for inneverande år søkt om 1,9 mill. kroner for å vidareføre satsinga på kompetanse-oppbygging i regionane/kommunane. Tidlegare er det løyvd midlar til kurs i PLP og prosessleiing, og desse tilboda held fram også i år.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringa til vitande og oppmodar rådmennene til å vurdere om det er fleire aktuelle kandidater til desse kursa.

TUF-regelverk, e-post frå Terje Bakka.

Det låg føre skriv frå Terje Bakka der det vert orientert om regelverket for offentleg støtte iflg. ESA.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringa til vitande.

Invitasjon frå KS - mindre FoU-prosjekt.

Ketil Kiland orienterte om moglegheiten til å søkje midlar til mindre FoU-prosjekt. Ordninga er truleg ikkje kjent for alle, og Kiland inviterte til å kome med forslag til korleis desse ordningane kan gjerast meir kjent.

Redusert arbeidsgjevaravgift Hallingdal.

Regionrådsleiar orienterte om ein søknad frå Buskerud fylkeskommune/Hallingrådet/NHO Buskerud om reduksjon i arbeidsgjevaravgifta. Arne Vinje viste til at Vest-Telemark er i same avgiftssone som Hallingdal, og vi må fylgje nærare med på korleis saken endar.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringa til vitande, og ynskjer tilbakemelding om utfallet av saken.

Snøskuter-løyper - mogleg regionalt prosjekt.

Regionordførar drøfta spørsmål om ein bør søkje godkjenning for eit regionalt prosjekt med utgangspunkt i prøveprosjektet i Vinje. Grunngjevinga er at ein ynskjer opning for skuterløyper som kryssar kommunegrensene.

I ordsiftet kom det fram at prøveordninga i Vinje, etter ynskje frå grunneigarane, har restriksjonar mot å krysse kommunegrensene.

Vedtak: Dei enkelte kommunane ynskjer ordningar som opnar for skuterkøyring i ordna former slik Vinje har hatt i prøveperioden. På noverande tidspunkt ligg ikkje tilhøva til rette for skuterløyper som kryssar kommunegrensene, og Vest-Telemarkrådet finn såleis ikkje at tida er inne for eit regionalt prosjekt.

Styrerepresentasjon i Renovest og andre selskap.

Det er behov for å drøfte representasjon frå kommunane i høve til dei enkelte selskapa kommunane har eigarskap til.

Vedtak: Rådmannsutvalet får, saman med regionrådsleiar, i oppdrag å førebu og legge til rette for kommunanes representasjon i dei ulike selskapa og legge fram forslag til systematikk. Dette blir tema på rådmannsmøtet 9. april.

Psykolog-tenesten.

Psykolog-tenesten vert no vidareført på permanent basis med 40% innan interkommunal psykologteneste og 60% innan barne- og ungdomspsykiatri.

Innspel frå ungdomen i Fyresdal - lokale trafikkstasjonar.

Solveig S. Abrahamsen viste til innspelet frå Fyresdal Ungdomsråd om å få høve til å avlegge teoriprøver på dei lokale lennsmannskontora, og foreslo at Vest-Telemarkrådet flaggar støtte til forslaget.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet støttar opp om dette initiativet og ber Fyresdal-ordføraren melde dette attende til ungdomane.

Landsmøte i Utkantkommunanes Landssamanslutning.

Arne Vinje minte om landsmøtet i USS 30. april og oppmoda til god deltaking i dette.

Referent: Kjell Gunnar Heggenes